

- Hjelpe alle med å komme seg ut. Ved overnatting: Sjå til at alle forlét soveromma.
- Søke gjennom toalett og andre birom viss det er mogleg. Lukk dører og vindauge viss det er mogleg.
- Møte brannvesenet og orienter dei om mogleg brannstad og kor det er folk inne i bygget.
- Registrering på samlingsplass.
- All røyking og all bruk av varme, og bruk av gass til matlagning o.l. er forbode.
- Ved overnatting:
 - Leigetakar skal utarbeide oversiktslister over kva rom som er i bruk til overnatting og kor mange som overnattar i kvart rom.
 - Leigetakar skal utarbeide namnelister for kvart rom. Kopi skal henge døra til overnattingsrommet.
 - Alle som overnattar skal vere gjort kjent med den lokale branninstruksen, rømmingsvegar, samlingsplass og kva ein brannalarm inneber.
 - Det skal vere vaken nattevakt på staden så lenge det er personer som søv i bygningen.
 - Nattevaktene skal vere vaksne personer og dei skal vere utstyrt med lommelykt og mobiltelefon. Nattevakter i forskjellige bygningar eller etasjar skal ha samband på mobiltelefon eller på anna hensiktsmessig måte. Dei skal kjenne nødnummer til brannvesen, politi og ambulanse, samt til representant for utleigar.
 - Nattevaktene skal vere kjent med rømmingsveger, rutinar for varsling, sløkkeutstyr, samlingsplass, samt ha oversikt over alle rom som er i bruk til overnatting.
 - Nattevaktene skal kvar time patruljere i dei delar av bygningen som er i bruk til overnatting, samt spesielt sjå til at forbodet mot røyking vert overhaldt. Nattevakta skal vise bort framande.

Dato/stad



Hordaland fylkeskommune
v/ rektor/utleigar

Dato/stad



Leigetakar